



ÅRSMELDING GOD HELSE, VOLDA KOMMUNE 2006



Nokre sitat frå Kommuneplan for Volda 1996-2008, som gir klare føringar for folkehelsearbeidet:

Volda som helse- og miljøkommune:

Som ei vidareføring av Helse- og miljøprosjektet vedtok kommunestyret i 1994 å definere Volda som helse- og miljøkommune og innlemme kommunen i eit landsomfattande nettverk av slike kommunar (Nasjonalt nettverk for helse- og miljøkommuner).

Hovudutfordringa for ein helse- og miljøkommune er å setje helse og miljø i fokus i all verksemd, og skape ein kontinuerleg prosess med sikte på auka trivsel og trygghet for befolkninga og støttande og berekraftige lokalsamfunn.

.. Ein føresetnad for å lukkast i dette arbeidet er at kommunen utviklar ei heilskapleg og sektorovergripande samordning i all si verksemd, sentralt forankra i kommunen si politiske og administrative leiing. Helsefremjande tenking må bevisstgjerast i alle fagprofesjonar og nedfellast i kommunale planar og offentleg aktivitet.

.. Mobilisering og involvering av lokalsamfunna i målretta prosessar for å ta vare på miljø og helse er avgjerande for å lukkast (side 1)

Hovudmål og retningslinjer for Volda som helse- og miljøkommune:

Helse- og miljøomsyn skal byggjast inn i all kommunal verksemd med sikte på å fremje helse, førebyggje sjukdom og skade på menneske og miljø, verne om kultur, økosystem og biologisk mangfald (s.2).

Styringsgruppe for God Helse:

Overordna styringsorgan er Driftsstyret:

Jan Henning Egset	leiar AP
Atle Døssland	SV
Åshild Vik	SV
Eldar Dale	SP
Gunnhild Larsgård	V
Kjell Petter Wiik – nestleiar	KRF
Hallvard Bjørneset	H
Tine Berg Nordahl	H
Roald Espset	FRP

Rådsgruppe God Helse:

Uformelt samarbeidsorgan:

Ragnhild Aarflot Kalland	ordfører
Jan Henning Egset	leiar i Driftsstyret
Arne Gotteberg	leiar i helseavdelinga
Runa Bakke	sjefsfysioterapeut
Per Heltne	seksjonsleiar planseksjonen
Asbjørn Aasebø	leiar i kommunalteknisk avdeling
Helene Flølo Yksnøy	barnerepresentant i Det Faste Planutvalet (DFP)
Anne-Margrethe Mo,	sekretær i kulturavdelinga
Astrid Gjersdal	leiar Frivilligsentralen
Berit Koen	folkehelsekoordinator (sekretær)

Folkehelsearbeidet er gjennomgåande i alle sektorar i større eller mindre grad som ein evig prosess. Arbeidet er vanskeleg å måle, men nokre tiltak er meir synlege enn andre.

Volda kommune har meir enn 300 frivillige lag og organisasjonar som driv eit fantastisk arbeid for alle aldersgrupper med stort mangfald innan kultur/idrett. Det er difor vanskeleg å trekkje fram nokre få tiltak. Denne årsmeldinga blir difor basert på konkrete tiltak i 2006 der folkehelsekoordinator har medverka i større eller mindre grad.

Førebyggjande og helsefremjande arbeid genererer mykje aktivitet og økonomiske midlar frå ulike tilskotsordningar. Her er nokre døme:

- Januar 2006: Lansering av Aktiv i Volda og Aktiv Resept med brosjyre til alle husstandar og bedrifter. Eit samarbeidstiltak mellom Volda kommune, Volda legesenter, Lærings- og meistringssenteret Helse Sunnmøre og frivillige lag og organisasjonar. Revidert og oppdatert Aktivitetsplan på kommunen si heimeside, og levert til legesenteret og andre behandlarar til kvar tid.
 - Finansiering: statlege midlar via God Helse, Møre og Romsdal fylke, kr. 30 000.- som vart nytta til trykking og distribuering av informasjonsbrosjyre til alle husstandar og bedrifter i Volda kommune. Reseptblokker til behandlarar som legesenter, fysioterapeutar, kiropraktor, psykiatriteneste m.fl. Les meir på www.volda.kommune.no. Sjå Tenestetilbod og Aktiv i Volda

Erfaringane frå dette arbeidet kjem i gang våren 2007, etter at ulike lag og organisasjonar har gjennomført sine årsmøte.



AKTIV RESEPT VOLDA

Navn: _____ Fødsel: _____
 Adresse: _____
 Telefon: _____

Tilrådd aktivitet:

- MåndagTUR
- Damekveld på ski
- Damerrim
- Trening for hjerte- og lungepasientar
- EntimeTUR
- "Den gyldne spaserstokk"
- OnsdagTUR
- Onsdagsdansaaren
- Bassengtrening med musikk
- TeiltUR for småbarnsforeldre
- Elderrim
- Gamaldans, folkedans, turdans
- Kom i form med stavar
- Seviordans
- Sittedans
- Ti TURmål
- SentrumTUR
- VårskiTUR

Anna _____

Tilvist av: _____ Dato: _____

Resept med gjensomslog vert handsama fortruleg.
 Om 3 mnd. skal nytten av aktiviteten evaluert saman med
 behandlar.






- Framhald "Grorabladet" - Opplysningspalte for livsstil, helse og trivsel i Volda kommune" i lokalavisa Møre. Folkehelsekoordinator er ansvarleg redaktør, lagar terminliste og syt for bidrag annakvar laurdag, evt. kvar laurdag.
 - Ingen kostnad

Positive tilbakemeldingar frå publikum, særleg gjeld dette turomtalene knytt til TI TURmål som kjem i perioden 1.mai-30.september. Det er elles stor spreing i tema gjennom heile året, noko som gjer at vi når ei stor målgruppe.



- Utlånsordning med friluftsutstyr til barnehagar, skular, lag og organisasjonar. Kjøpte 2 stk. ryggsekkar med lavvu, steikehelle, stormkjøkken, øks, sag og tennjern som G-sportkjeden lånte ut i samband med Friluftslivets år.
 - Finansiering: statlege midlar via God Helse, Møre og Romsdal fylke, kr. 5000.-

Dette er eit veldig populært tilbod, og blir særleg nytta i "den grønne årstida". Både barnehagar og skular er tidleg ute med tinging av utstyr. Få lag eller organisasjonar har gjort bruk av utstyret, men det skjer ei gradvis auke. Dette kan vi endre ved å informere betre.

- Samarbeid med møteplassen Gnisten om Hjaratekråa, ein brukarstyrt keramikkkverkstad/salslokale. Brukarane har lagt til rette for verkstad i egne lokale, der dei produserer, marknadsfører og inviterer til ope hus. I 2006 har brukarane inngått samarbeid med Volda kunstlag om salsutstilling i kunstlaget sine lokale ein gong pr. mnd.
 - Finansiering: Helse og Rehabilitering, Extramidlane til Gnisten

Folkehelsekoordinator er medlem i styringsgruppa for Hjaratekråa, og hjelper til i kulissane med skriving av søknadar og rapport. Brukarar og tilsette arbeider hardt og målretta med produktskaping og tilrettelegging før kvar utstilling.

- Ein av fire pilotkommunar som tek del i "Helse i plan", Møre og Romsdal. Vi var med på dagens samling i Hustadvika i juni.
 - Finansiering: m.a. statlege midlar via Møre og Romsdal fylke i tillegg til bruk av egne ressursar.

Arbeidsgruppa for Helse i plan: Per Heltne, Heidi Istad, Arne Gotteberg, Hilde Ørstavik Lundberg, Helene Flølo Yksnøy, Per Ernst Lundberg, Berit Koen.

- Prosjektgruppe som har arbeidd med kommunedelplan Volda sentrum, og følgd opp Tettstadanalyse Volda sentrum gjennom heile året. M.a. registrering av "Barnetråkk". Prosjektgruppa: Ordførar Ragnhild Aarflot Kalland, Per Heltne, Heidi Istad, Arne Gotteberg, Helene Flølo Yksnøy, Per Ernst Lundberg, Svein Snipsøy, Asbjørn Åsebø, Gunnar Andenes, Torgeir Stensø, Arne Eliassen, Rune Wetterhus, Volda Handelsforening v. Karl Erik Rønnestad, Sentrum Grendautval v. Idar Knutsen, Statens Vegvesen v. Siv Sundgot og Berit Koen

- Samarbeid mellom barnehagesjef, helsestasjonen, sjefsfysioterapeut og folkehelsekoordinator om kompetansehevingsprogrammet "Måltid og rørsle i barnehagane i Volda. Utarbeiding av ein PowerPoint-presentasjon som skal nyttast på personal- og foreldremøter i barnehagane.
 - Finansiering: egne midlar.



- 1.mai-30.september: Ti TURmål knytt til Aktiv i Volda. TURsøndag med kjentmann til kvart turmål i løpet av denne perioden. Ca. 10 000 namn vart registrert i løpet av perioden.
 - Finansiering: m.a. statlege midlar via God Helse, Møre og Romsdal fylke, midlar til fysisk aktivitet (FYSAK) 2006/2007, kr. 50 000.-

Les meir på www.volda.kommune.no. Sjå Tenestetilbod og Aktiv i Volda/Ti turmål



- Bassentrening med musikk, eitt kurs vår og to kurs haust -06 (à. seks gongar) knytt til Aktiv i Volda. To fysioterapeutar som instruktørar
 - Finansiering: Deltakarane betalt deltakaravgift. Annonsering og bassengleige m.a. FYSAK-midlar (som over)



- Våren: Helsefremjande og førebyggjande tiltak for tilsette i kommunen:
 - Starta opp att bedriftsidrettslaget for kommunalt tilsette, kalla 3H (helse, hyggje og humør) med turgruppe, bassentrening og trening i treningsstudio.
 - Trappetrimmen og tilrettelegging av treningsrom på Rådhuset
 - Finansiering: mest eigne midlar, og litt FYSAK-midlar (som over).



- Samarbeid med prosjektet Meir Mosjon, Meistring, Trivsel i regi av Norges Astma og allergiforbund, Volda Ørsta og omegn lokallag og fylkeslaget, og Landsforeningen for hjerte og lungesyke, Volda og Ørsta lokallag (LHL). Aktivitetar og samordning knytt til Aktiv i Volda.
 - Arrangerte MMT-dag i Aasentunet søndag 1.oktober. Tema: *Mosjon, meistring, trivsel – i toppidrett og privatliv* ved Erling Jevne og Inger Lise Sæterbakken
 - Arrangert kurs i Hjarte og lungeredning
 - Finansiering: Helse og Rehabilitering, Extramidlane til NAAF/LHLLes meir på www.medandre.no

- Stavgang med instruktør, hausten -06 knytt til Aktiv i Volda. Fysioterapeut som instruktør. Lågterskel fysisk aktivitet.
 - Finansiering: Deltakarane betalt deltakaravgift, annonsering med FYSAK-midlar (som over)
- Helene Flølo Yksnøy og Hilde Ørstavik Lundberg tok del på Nettverksamling for helse og miljøkommunar i Bodø hausten 06.
 - Finansiering: litt reisestønad frå Nettverket i tillegg til eigne ressursarLes meir om Nettverket på www.hmnett.no
- Berit Koen var med folkehelseutvalet, Møre og Romsdal fylke og folkehelsekoordinatorane på studietur til Östersund i Sverige hausten 06.
 - Finansiering: alle utgifter dekt av God Helse, Møre og Romsdal fylke

- November: Med i Nettverk/samarbeid med KRUS, Forum for kvalitetssikring og utvikling av rusforebyggende arbeid i kommunene.
 - Finansiering: I utgangspunktet ingen kostnad å vere med i KRUS. Søkte om statlege midlar via Midt-norsk komptansesenter for rusfaget (MNK-rus) til ulike rusførebyggande tiltak 2007-2008. Fekk kr. 96 000.

Arbeidsgruppa for KRUS i Volda:

Torill Osborg Vinjevoll

Anne Lise Hånes

Ingrid Sævik

Dagmund Enebø

May Lisbet Lande

Ivar Andre Skare

Astrid Gjersdal

Berit Koen

barnevernkurator

sosialkurator

foreldre og ungdomsrettleiar

miljøarbeidar i skulen

leiar Telebygget (komm.ungdomsklubb)

representant for ungdomsrådet

leiar Frivilligsentralen

folkehelsekoordinator/KRUSkoordinator



- Desember: Ferdig trykking av turheftet ”God Tur! for store og små i Volda kommune”. Samarbeid mellom Friluftsforeninga Volda, alle barnehagane, barnehagesjef, sjefsfysioterapeut og folkehelsekoordinator
 - Finansiering: statlege midlar via God Helse, Møre og Romsdal fylke til Friluftsforeninga Volda i tillegg til samarbeidspartane og lokale sponsorar sine ressursar. Lansering av heftet i januar 2007. Les meir på www.friluftsforeninga.no

Utfordring 2007:

Gjennom Helse i plan og revidering av kommuneplanen vonar vi at

- alle sektorar får eit større eigarforhold til folkehelsearbeidet
- folkehelsearbeidet blir implementert i all kommunal verksemd
- tiltak som er i gang vil halde fram

Gjennom evaluering av Aktiv i Volda og Aktiv Resept våren 2007 vonar vi å finne svar på kva utfordringar vi må ta med oss vidare i det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i Volda kommune.

Volda, 31.12.06/13.mars 2007

Berit Koen, folkehelsekoordinator